



Det kongelige kunnskapsdepartement

Dykkar ref.	Vår ref.	J.post id.	Arkiv	Dato
	13/1018-4	14/576	N-000/	21.01.2014

Høyring - Framlegg til endring i opplæringslova og privatskulelova

Ullensvang herad har merknader til:

1. Leksehjelp

Ullensvang herad meiner det er viktig å gje dei yngste elevane gode arbeidsvanar. Men det er likevel større trong for hjelp med lekser til eldre elevane vert. Dersom leksehjelpa vert lagt til ungdomssteget vil det føra til ein auka kostnad fordi assistentar har til vanleg ikkje høg nok kompetanse til å hjelpa med leksene på desse trinna. Skal elevane ha utbyte av leksehjelpa på dei høgaste trinna, må lærarar ha ansvar for leksehjelpa. Lærarane har ei høgare løn og difor vert det ein auka kostnad dersom leksehjelpa vert lagt til ungdomstrinnet.

Ullensvang herad meiner det er viktig at heradet sjølv kan vedta fordelinga på årstrinn av dei åtte timane til leksehjelp, men ein må vera klar over at det vert ein auka kostnad om leksehjelpa vert lagt til ungdomstrinnet.

2. Frukt og grønnsaker i skulen

Ullensvang herad får tilbakemelding frå elevar og tilsette i skulane at ordninga med frukt og grønnsaker har vorte svært viktig i skulekvardagen. Elevane ser fram til fruktpausen og dei et frukta. Mange gjev uttrykk for at det gjev dei auka energi.

Ullensvang herad meiner difor at det er feil å ta bort ei ordning som fungerer godt for elevane. Ordninga burde heller vorte utvida til å også gjelda elevane på reine barneskular.

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Med helsing
Ullensvang herad

Inger Sekse
Pedagogisk konsulent

Sakshandsamar sin tlf: 53671573
Sakshandsamar si e-postadr.: inger.sekse@ullensvang.herad.no

Kopi til:
Rådmann Hedvig Moe Øren

Kopi til arkiv og kopibok

ULLENSVANG HERAD

